

NOSP222/252/322 Namnegransking

15 studiepoeng

Ein dobbelttime i veka

Tema: personnamn i eldre og nyare tid, ca. halvparten av omfanget, ellers kortare med utanlandske førenamn, etternamn og stadnamn

Lærarar: Ivar Utne (emneansvarleg, nyare personnamn, utanlandske førenamn og etternamn), Gunnstein Akselberg (eldre personnamn og stadnamn)

Skolekamen, **NOSP222**: 5 studenttar, av dei 4 ZNORD

Semesteroppgåver: 6 (1 i **NOSP252** og 5 i **NOSP322**)

OPPLYSNINGAR OM SENSUR KJEM

4 av 11 svarte på spørjeskjemaet.

De som svarte, var jamt over nøgde med undervisning og pensum, dvs. i stor grad eller i nokså stor grad, helst det første.

Av nokre få kommentarar gjekk det fram ønske om meir om stadnamn og mindre spreiing på små emne.

Alle som hadde svart, oppga at dei hadde følgt 11-13 av dei 13 førelesingane.

I undersøkinga var det ikkje med spørsmål om tilhøvet til praksisen i lektorutdanninga. Dermot gav dei fire lektorstudentane klart uttrykk for at studiet av emnet kom i konflikt med praksisen i skolen. Praksisen varte 8 veker. I den tida brukte dei ganske mykje tidt til å førebu og gjennomføre undervisning i skolen, og dei meinte at dei ikkje fekk gjort noko, eller svært lite, med emnestudiet vårt (NOSP322) den tida. Rett nok møtte dei stort sett i timane, som var lagde i tida 14--16 på måndagar. Studentane peikte på at det var vanskeleg å nå over 30 studiepoeng i emne (pedagogikk el.likn. og nordisk-emne) kombinert med 8 veker praksis. Praksisen går altså over meir enn halvparten av dei 13 undervisningsvekene.

Kommentarar frå emneansvarleg:

- 1) Vi vil vurdere innspela om stadnamn og om spreiing.
- 2) Som emneansvarleg oppfatter eg det slik at praksisopplegget for lektorutdanninga går sterkt ut over læringa elles. Integreringa mellom lektorstudiet og fagstudiet i nordisk er på den måten därleg, og det kan ikkje vere slik på sikt. Det må leggjast til rette for at studentane får rimeleg tid til å drive med fagstudiet gjennom semesteret. Det kan sjå ut til at lektorstudiet er for omfattande, og at det må reduserast i arbeidsomfang. Lektorutdanninga er nok er lagt opp etter overordna nasjonale krav, slik at endringar i omfang er noko institutt og UiB må tak opp på høgare nivå.

Ivar Utne, 22.1.17